

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 05.04.2016

Handsaming i møte

Saka vart drøfta og det kom m.a. fram at det bør takast omsyn til ferie og høgtider når det gjeld frist for når dokumentasjon skal sendast til Deloitte for attestasjon. Vidare bør det i tabellen i vedlegget inn ei kollonne som angjev frist for innsending til Deloitte. Det kom også fram at fleire aktuelle prosjekt ikkje er med i oversikten.

Kontrollutvalet slutta seg til at Deloitte tek kontakt med økonomisjef Nils Vetlesand for å drøfte betringar i rutineane i tråd med det som går fram over. Redigert versjon av rutineane vert å sende sekretariatet slik at det kan leggjast fram for kontrollutvalet i neste møte. Utvalet ber også om at fylkesrådmannen kjem i møte 2.5.16 for å presentere den redigerte versjonen av rutineane.

På bakgrunn av dette vart det gjort slikt samrøystes vedtak

Vedtak

1. Deloitte tek kontakt med økonomisjef Nils Vetlesand for å drøfte betringar i rutineane i tråd med det som kom fram i møtet.
2. Redigert versjon av rutineane vert å sende sekretariatet slik at det kan leggjast fram for kontrollutvalet i neste møte.
3. Fylkesrådmannen vert beden om å komme i møte 2.5.16 for å presentere den redigerte versjonen av rutineane for kontrollutvalet.